

Prekenverkstedet



<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Juledag - 25. desember 2021

Preiketekst: Joh 1,1-14

Lesetekst I: Ord 8,1-2; 22-31

Lesetekst II: Hebr 1,1-6

Sann jule-visdom

Gledeleg jul!

Me stemmer i med Birgitte Cathrine Boye sitt mektige høgtidsvers:

*I dag er fødd ein Frelsar stor/ Guds Son er komen som vår bror/ Gud vere pris og ære!/
No er han fødd i Davids stad;/ det barnet englane tilbad,/ velsigna evig vere!/
Mi sjel, kjenn vel/ denne nåde fri frå våde,/ lat ditt auga i hans morgonljøs seg lauga!*

Dette er den sanne jule-visdomen! Gud er komen til oss, som ein av oss, som far, som mellommann, som bror, som frelsar og forsonar. Han er med oss, framføre oss, bak oss, over oss, under oss, ved sida vår. Det er all grunn til å heva røysta i lovsong!

Juledagen er også i kyrkjeåret og når det gjeld preiketekst ulik alle andre sundagar og høgtidsdagar. Kvart år er det den mektige og visjonære prolog-teksten i Johannesevangeliet kap 1 som er preiketekst. Slik også i år! Men denne gongen vil me her i tekst-verkstad ha litt fokus på leseteksten frå Det gamle testamentet. Denne teksten står seg ualminneleg godt til nettopp Johannes-prologen, og begge står også svært godt saman med leseteksten frå Det nye testamente, Hebr 1,1-16.

På toppen av haugen

Ideelt sett skulle ein lesa Ordtøka kap 8 samanhengande. Ein missar noko når ein deler opp slike sentrale tekstar. I 8,12, til dømes, vert visdomen personifisert. Frå der av er det ei Eg-røyst som talar. Og i vers 11 er det eit ord som eg trur me alle har føresetnad for å forstå: Visdom er betre enn perler, ingen skattar kjem opp imot den!

I Ordtøka 8 er det visdomsmøya som ropar ut sin bodskap til oss. I andre omsetjingar er nytta ordet Visdomen. Men enten ein nyttar eit hokjønnsord eller hankjønnsord, er det tydeleg at denne visdomsbodskapen skal nå langt ut. Ein står på toppen av haugane, der vegane møtest – for at bodskapen skal nå ut til mange! Høyr – er det første ordet. Det gjeld også oss i dag. Høyr Guds visdom. Høyr Guds røyst. Høyr Guds ord! Og som antyda i 8,12; Gud er eitt med sitt ord.

Kunstnar og byggmeister

I hovudavsnittet (8,22-31) er det Visdomen som talar om seg sjølv, utan tiltale eller formaningar til nokon. Visdomen var der alt frå skapinga, ja før skapinga. Han var i Herrens eige då hans veg tok til. Frå æva har visdomen vorte til, frå opphavet, før jorda var. Når ein les Johannes-prologen etter dette, ser ein kor mange likskapar det er. Det er nesten slik at Salomo og Johannes skriv om same sak, men berre nyttar litt ulike ord og vektleggingar.

Teksten frå Ordtøka 8 framhevar også Visdomen som ein kunstnar (8,30). Det er ein fascinerande tanke. Andre omsetjingar nyttar ordet byggmeister eller handverkar. Hebraisken opnar tydelegvis for litt ulike forståingar her, noko som berre gjev større breidde og fylde for oss som les – og skal ta imot denne bodskapen.

Skapinga

Når ein les Ordtøka 8, kjennest det også naturleg å lesa heilt i starten av Bibelen, frå skapinga. Ordtøka 8,27 fortel om korleis det gjekk til då Han - Gud Herren – bygde himmelen. Og då han teikna ein kvelv over djupet. Då var Visdomen der. Lat oss skapa, les me i skapingstekstane fremst i Bibelen. Dei var der, alle tre personane i guddomen, Herren, Jesus og Heilaganden. Alt det skapte var godt – det var jo bygd av ein sær dyktig byggmeister og framifrå kunstnar! Og då menneskeborna var skapte, les me at Visdomen hadde si glede i dei.

Det kan svimla for tanken av mindre. Denne veldige Gud – Han ser oss, han har møtt oss, han er komen til oss, han er midt mellom oss. Ikkje til å tru. Men jau – det er nettopp det me er inviterte til.

Jobs bok

I LOGOS-heftet med plan for dagleg bibellesing har det denne hausten vore ein lang periode med tekstar frå Jobs bok. Kanskje har me lett for å tenkja feil om Jobs bok, at det er ei tung og sørgeleg bok. Og det kan vera sant nok; det er parti der som er tunge å lesa, vanskelege å fortstå, ja ubegripelege for menneskeleg forstand og fornuft.

Men det er også fabelaktige avsnitt – som nettopp omhandlar Guds vidsom. Job 12, til dømes. Først uttalar Job her at me alle må vakta oss slik at ikkje vidomen døyr ut! Så syner Job til skaparverket, og peikar tydeleg på kven som er arkitekten, eller byggmeisteren, om ein vil. Hjø Han er visdom og velde, heiter det i Job 12,13. I vers 16 står det at «hjø han er styrke og visdom».

Gull og topas

Og Job 28 er ikkje mindre relevant. Job let seg ikkje kua eller knekkja av venene som meinte ganske mykje om kvifor Job slitt liv vart som det vart. Men Job lytta til Guds røyst og til Hans visdom. Først i Job 28 står det tydeleg at me menneske kan leita og søkja, høgt og lågt. Den sanne visdom kan ikkje kjøpast, om enn me skulle ha reint Ofir-gull å betala med, 28,16. Heller ikkje topas frå Etiopia, enn så vakkert og dyrebart det er.

Det er på grensa til at det ikkje er ein harsellerande tone i denne talen av Job. Mennesket når ikkje fram til den sanne visdom. Den må me få! Den må Gud syna oss. Frå Job 23 og ut kapitlet er det så klart for oss som det går an å lesa det: Hjø Gud er den sanne visdomen. Og heilt til slutt i siste verset: Sjø, age for Herren, det er visdom!

Og budskapet no på juledag er nettopp dette: Gud har synt oss visdomen. Han er ei gåve til oss alle!

Vise menn og vise kvinner

Ved juletid les me også om dei vise menn. Dei kom austfrå og leita etter barnet som var fødd. Kloke var dei heilt sikkert, kva land og bakgrunn dei enn kom frå. Noko av visdomen deira kom til syne då dei ikkje let seg lokka og narra av Herodes og alle skriftlærde og overprestar som han rådførte seg med. Då Herren minna dei om dette i ein draum, gjorde det det einaste rette – dei tok ein annan veg heim att frå Betlehem.

Men den djupaste visdomen synte dei då dei fall ned og tilba Jesus-barnet. Kva var det dei såg der inne i den enkle jordhytta, grotta, eller stallen? Jau, det som står i Johannes-prologen: At Ordet vart kjøt og tok bustad hjå oss. Dei såg herlegdomen hans, ein herlegdom lik den ein eboren Son har frå far sin, full av nåde og sanning (Joh 1,14).

For oss menneske, jødar og heidningar, er det den djupaste og sanne jule-visdom; å bøya seg for Barnet. Lat oss difor vera vise – både menn og kvinner!

Paul Odland

Pensjonist. Tidlegare misjonsrådgjevar i Den Norske Israelsmisjon, Stavanger krets

paul.odland@lyse.net